

## Hordaland Sau og geit.



Styremøte i HSG fred.28.jan.kl.09.00 til kl.14.00 på Nortura i Eidsvåg.

Desse møtte : Nils Inge Hitland,Reidar Kallestad,Egil Øvstebø,Anders Konglevoll,Svein Misje og Steinar Steine.

Sak. 07/11. Godkjenning av referat og innkalling.  
Vedtak : Ingen merknader.

Sak.08/11.Årsmøte i HSG.Det skal som før meldt, vera på Solstrand Hotel og bad i Os, fred.25 og laurd.26.febr.  
Sakliste vert sendt ut med påmeldingsfrist 7.febr.Det vert sendt til 31 lokallag.Jimmy Øvredal skal underhalde ved middagen om kvelden.Styret ser det som svært viktig att alle lag kan stille med representantar.Jostein Ljones frå Hordaland Bondelag skal halde innlegg om utfordringar / status på landbruket i Hordaland.

Sak.09/11.Årsmelding 2010.  
Den var gått igjennom og korrigert, det som har vore av saker i meldingsåret var innlagt, elles ingen særskilde merknader.

Sak.10/11.Rekneskap. Styret vil for ettertid ha ei orientering på kvart møte om budsjettsituasjonen og oppfølging av handlingsplanen.Elles er rekneskapen ferdig og innlevert til revisor. Ingen merknad til den,men styret vil no minka ned antal kontoar i bank til tre,mot åtte no !

Sak.11/11.Budsjett. Det vart gått igjennom og ein tek høgde for ein del aktivitetar for dette året.Mellom anna vil prosjektet med auka sau i Hordaland saman med Fylkesmannen kreva ein del midlar.

Sak.12/10.Handlingsplan.Den var gått igjennpom og justert i den grad det var nødvendig.Anders Konglevoll vert HSG sin repr. i prosjektet :*Ny giv i sauehaldet i Hordaland der målet er*

*auka produksjon, oppretthalde antal bruk og att det vert fleire som startar med sau.* Vidare skal sekretær vera med i den grad det er nødvendig. Dette er det viktigaste tiltaket i handlingsplanen i 2011.

Sak.13/11.Landsmøte i NSG på Clarion Hotel Bergen Airport a/s. 16 og 17.mars.

Fylkesmannen skal opne møte. Det vert arbeidd med att nokon kan halde eit kulturelt innslag med lokale krefter, vidare skal Jon Eikemo syta for underhaldning om kvelden .HSG er vertskap for dette møte.

Sak.14/11.Invitasjon frå Rogaland sau og geit til å delta på årsmøte 18 og 19 febr.i Egersund. Ein vil prøve om nokon frå styret har anledning å møte.

Sak.15/11.Ymse. Svanhild Aksnes frå Fylkesmannen si landbruksavdeling vert invitert til årsmøte i HSG.

Sak.16/11.Neste styremøte. Det vert i forkant av årsmøte på Os 25.febr.

Referent Knut Sygnestveit.